

## Sak: Utkast til høringsvar-Regional plan for innovasjon og næring. Referanse.2020/74003

- 1) Næringsfondsmidler skal være med på å stimulere til utvikling av næringslivet i kommunen. Disse midlane er svært viktige, og er nå tatt bort. Det er viktig å ha direkte midlar til bedrifter lokalt, og at vi forstår deira behov. Det er eit ynske frå kommunane Askvoll, Hyllestad og Fjaler at Fylkeskommunen får på sitt budsjett nye næringsfondsmidlar frå 2022.
- 2) Hovedmålet i planen er bra. Den gir ein tydeleg retning for satsingsområder. Dog har kvar enkelt kommune sine særpreg, forutsetninger og muligheter, som dei enkelt kommunane sjølv må vektlegge og prioritere.
- 3) Planen viser ein retning som er meir bærekraftig og i tråd med FN sine bærekraftsmål.
- 4) Satsingane i planen er bransjenøytral og gjelder for alle næringane.
- 5) Satsingsområda brytes ned til lokale tilhøve. Overordna plan kan ikkje erstatte næringsplan som dei enkelte kommunane utarbeider. Kvar kommune har sine utfordringar og behov.
- 6) Fylkeskommune sin plan som vedtas av Fylkestinget i juni, bør ta hensyn til dei relle utfordringane på lokalt nivå, samstundes som den bygger på klimamål og utfordringen i den omstillinga vi nå ser for oss. Kommunane vil etterkvart kunne tilpasse seg dei overordna målane i sin planlegging framover, og planen kan brukast som eit styringsverktøy for de enkelte kommunane.
- 7) Planen seier lite om primærnæringa (jordbruk) og de utfordringer og muligheter denne næringa har.
- 8) Det er viktig at regionsentra ikkje tappar «utkant» kommunane for arbeidskraft.
- 9) Det er lite fokus på utdanning, kompetanse og rekruttering. Betydningen av gode utdanningsmuligheter lokalt og tilpasning til næringslivets sine behov er heller ikkje omtalt i særleg grad. Desentralisert skuletilbod er viktig. Desentraliserte arbeidsplasser er viktig og det må utarbeides strategier for hvordan man kan få kvalifisert arbeidskraft ut i distrikta til dei enkelte kommunane.

Næringsssjefane i Fjaler, Askvoll og Hyllestad har som kortsiktig mål å etablere eit tettare samarbeid på tema «Næringsutvikling», der prosessen for slikt samarbeid er godt i gang.

Notatet/ innspela er utarbeid i samarbeid med Næringsssjefane i Askvoll og Hyllestad kommune.

Dale i Sunnfjord, 26.03.21

Trond Thomassen  
-Næringssjef-